

Arkiv: FA-U0
JournalpostID: <jplD> 20/20067
Saksbehandlar:
Dato: 19.04.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
022/20	Utval for næringsutvikling og drift	29.04.2020
042/20	Alver formannskap	30.04.2020

Lokal aktivitetspakke for næringslivet knytt til koronaviruset

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover.

Finansieringa på 750 000 kr skal dekkast frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, slik det er lagt fram i saka.

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.

Utval for næringsutvikling og drift 29.04.2020:

Behandling:

Utvalet hadde ei grundig drøfting i saka.

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF) sette fram følgjande framlegg (framlegg 1):

Utval for næringsutvikling og drift takkar formannskapet for å ha tatt tak i næringslivet sin situasjon i koronakrisa, og gjev si tilslutning til dei hovudpunkta som ligg føre frå administrasjonen. Vidare vil utvalet setja fram følgjande endrings- og tilleggssframlegg til vedtak for kommunestyret:

1. I andre avsnitt vert "næringsfondet" endra til "disposisjonsfondet".

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF) sette fram følgjande sekundærframlegg (framlegg 2):

Utval for næringsutvikling og drift takkar formannskapet for å ha tatt tak i næringslivet sin situasjon i koronakrisen, og gjev sin tilslutnad til dei hovudpunkta som ligg føre frå administrasjonen.

Utvalet vedtar at 750 000 til utarbeiding av eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover blir dekt av næringsfondet, under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og

lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, og at kommunestyret elles følgjer opp tiltaka i vedtaket - slik det er lagt fram i saka. Utvalet vurderer dette føremålet til å vera dekt under fondsvedtektene sitt føremål og målsetting.

Vidare vil utvalet setja fram følgjande framlegg til vedtak for kommunestyret:
"Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover.

Finansieringa på 750 000 kr blir dekt frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, slik det er lagt fram i saka. (Jfr. vedtak i sak PS 022/20 i ND).

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.

Tormod Skurtveit (Ap) sette fram følgjande framlegg til nytt avsnitt 4 i rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret ber om at både Utval for næringsutvikling og drift og Formannskapet vert halde løpande orientert vidare om tiltak og framdrift i denne saka, første gong i juni.

Utvalsleiar Stian Lavik (KrF), sette fram følgjande framlegg til nytt avsnitt 4:

"Kommunestyret ber om at Utval for næringsutvikling og drift tar eit særleg ansvar for å følgja opp situasjonen og tiltak for næringslivet i eit heilskapleg perspektiv i lys av koronakrisa framover, og at utvalet vert halde orientert også om tiltak og framdrift i denne saka.

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Framlegget fekk 0 røyster og fall. Deretter vart det røysta over framlegg (framlegg 1) frå Stian Lavik. Framlegget fekk 2 røyster (Stian Lavik, KrF, Olav Steinar Namtvedt, Sp) og fall.

Stian Lavik sitt sekundærframlegg (framlegg 2) vart samrøystes vedteke.

Tormod Skurtveit og Stian Lavik sitt framlegg knytt til nytt avsnitt 4 vart sett opp mot kvarandre. Skurtveit sitt framlegg fekk 4 røyster (Tormod Skurtveit, Ap, Yngve Walaker, Fnb, Tommy Øvretveit, Frp, Maya Riise, MDG, og vart vedteke mot 3 røyster (Stian Lavik, KrF, Mabel Johansen, H, Olav Steinar Namtvedt, Sp).

ND- 022/20 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar formannskapet for å ha tatt tak i næringslivet sin situasjon i koronakrisen, og gjev sin tilslutnad til dei hovudpunkta som ligg føre frå administrasjonen.

Utvalet vedtar at 750 000 til utarbeiding av eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover blir dekt av næringsfondet, under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, og at kommunestyret elles følgjer opp tiltaka i vedtaket - slik det er lagt fram i saka. Utvalet vurderer dette føremålet til å vera dekt under fondsvedtektene sitt føremål og målsetting.

Vidare vil utvalet setja fram følgjande framlegg til vedtak for kommunestyret:
"Kommunestyret ber om at det vert utarbeid eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover.

Finansieringa på 750 000 kr blir dekt frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, slik det er lagt fram i saka. (Jfr. vedtak i sak PS 022/20 i ND).

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.

Kommunestyret ber om at både Utval for næringsutvikling og drift og Formannskapet vert halde løpande orientert vidare om tiltak og framdrift i denne saka, første gong i juni.

Alver formannskap 30.04.2020:

Behandling:

Sak 42/20 Lokal aktivitetsspakke knytt til koronaviruset, foreslått av Nils Marton Aadland, Høgre Tilleggsframlegg:

Notatet «Ta vare på våre unge i krisetid – jobb og fritid» blir lagt ved protokollen for vidare utgreiing/oppfølging, både administrativt og politisk. Notatet er meint som innspel til moglege tiltak.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Framlegg om tillegg frå N.M.Aadland-H:

Notatet «Ta vare på våre unge i krisetid – jobb og fritid» blir lagt ved protokollen for vidare utgreiing/oppfølging, både administrativt og politisk. Notatet er meint som innspel til moglege tiltak.

Tilleggsframlegget vart samrøystes vedteke.

FO- 042/20 Vedtak:

Kommunestyret ber om at det vert utarbeidd eit felles kunnskapsgrunnlag (moglegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av næringslivet framover.

Finansieringa på 750 000 kr skal dekkast frå næringsfondet under føresetnad av at Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv bidrar med finansiering til moglegheitsstudien, slik det er lagt fram i saka.

Kommunestyret ber rådmannen vurdere om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport. I tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.

Notatet «Ta vare på våre unge i krisetid – jobb og fritid» blir lagt ved protokollen for vidare utgreiing/oppfølging, både administrativt og politisk. Notatet er meint som innspel til moglege tiltak.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for Næringsutvikling og drift.

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Bakgrunn

Næringslivet i Alver er hardt ramma av koronakrisa og fallande oljeprisar. Per 07.4.2020 var det registrert 1259 arbeidsledige i Alver. Dette er ein vekst på 354,5 % sidan februar i år. Det er klart flest permitterte innan varehandel, servering, og private tenester elles (mellom anna frisørar). Dette er næringar som tradisjonelt har hatt lågt utdanningsnivå, låg snittinntekt og høg kvinnedel. Spørjeundersøkingar frå Nordhordland Næringslag viser at næringslivet er hardt råka av korona og/eller oljeprisfallet. Tre av fire verksemder har gjennomført eller planlegg å gjennomføre permitteringar. Ein fjerdedel fryktar konkurs om situasjonen varar

lenge. Dei som ikkje er direkte råka av forbod eller restriksjonar merkar allereie sekundæreffektane av lågare forbruk og lågare aktivitet.

Olje- og gasssektoren, og spesielt leverandørindustrien, slit enno med konsekvensane av førre krise og tala syner at den doble effekten av koronanedstenginga og oljeprisfallet rammar næringa hardt. Næringsanalysen for Alver kommune og NHO Vestland viser at:

- I Alver er meir enn 60% av antall verksemder særskild avhengig av olje- og gassbransjen.
- Mange større og mindre aktørar, mellom anna Equinor, Aker Solutions, PWC, Oceaneering og Veltec, har varsla eller gjennomført permitteringar av alle eller store delar av sine tilsette i Alver og i fylket.

I formannskapsmøte 3. april orienterte næringssektoren om situasjonen for næringslivet i Alver og Nordhordland, og formannskapet fatta følgjande vedtak:

- Formannskapet ber administrasjonen i dialog med næringslivet utgreie kva moglegheiter Alver kommune har for å hjelpe lokalt næringsliv.
- Videre vil Alver kommune vere med å utarbeide ein mulegheitsanalyse i lag med næringslivet om vegen vidare.
- Det er viktig at kommunen tilrettelegg for aktivitet i næringslivet, blant anna ved å halde trykket oppe på investeringar, samt sørge for at plan- og byggesaker blir behandla som vanleg.

Saksopplysninger:

På bakgrunn av vedtak i Alver formannskap 3. april, har administrasjonen, Nordhordland Næringslag og Industriutvikling Vest forslag til to hovudtiltak. I sum skal tiltaka stimulere til aktivitet og nytenking som kan lette på den økonomiske situasjonen for næringslivet. Det er staten som har dei største økonomiske musklane til å bøte på situasjonen næringslivet er i.

Framlegg til ein lokal aktivitetsspakke med følgjande tiltak:

Tiltak 1: Utgreiing om korleis Alver kommune kan leggje til rette for aktivitet i det lokale næringslivet

Ansvarleg: Alver kommune

- Vurdera investeringsprosjekt som kan framskundast for å skape aktivitet i næringslivet
- Sjå på saksområda som kan gje raskare saksbehandling av plan- og byggeprosjekt, samt sjå på arbeidet med å gjere fleire område klare for byggeaktivitet i kommunen
- Leggje til rette for at anbod- og innkjøpsprosessar blir praktisert slik at også lokale næringsaktørar kan ta del i konkurransen.
- Rådmannen vurderer om det er investeringsprosjekt som kan framskundast i samband med 1. tertialrapport, i tillegg skal rådmannen vurdere framdrift på investeringsprosjekt i samband med økonomiplanen 2021 – 2024.

Tiltak 2: Bistand til lokalt næringsliv: Kunnskapsgrunnlag og støtte til lokalt næringsliv

Ansvarleg: Nordhordland næringslag og Industriutvikling Vest (NONL og IUV)

- Utarbeide ein scenarioanalyse og eit felles kunnskapsgrunnlag (mulegheitsstudie) for korleis næringslivet og Alver kommune skal jobbe med strategisk utvikling av

næringslivet framover.

- Moglegheitsstudien skal innehalde ein strategi- og handlingsplan som koplår på nasjonale, regionale og lokale tiltakspakker/verkemidlar for å kunne sikre omstilling og vekst i lokalt næringsliv.
- Moglegheitsstudien skal innehalde vurderingar knytt til leverandørutvikling, kompetanseprogram og individuell rådgjeving til lokalt næringsliv
- Moglegheitsstudien vil også vere eit kunnskapsgrunnlag for Alver kommune sine overordna planar i åra framover.

Prosess og finansiering

Moglegheitsstudien vil bli lagt opp som eit samarbeidsprosjekt mellom Alver kommune, Vestland fylkeskommune og lokalt næringsliv. Totalkostnad for prosjektet er på kr 3 mill. og det er avgjerande at Vestland fylkeskommune bidrar med finansiering. Det er laga ein finansieringsplan der fylkeskommunen bidrar med kr 1,5 mill, Alver kommune kr 750.000 og resterande 750.000 på lokalt næringsliv. Rådmannen foreslår at Alver kommune sin projektkostnad på kr 750.000 blir dekkå av næringsfondet, under føresetnad at dei andre partane bidrar med den delen som er lagt fram i finansieringsplanen.

Det er Nordhordland næringslag og Industriutvikling Vest som er ansvarleg for å utarbeide moglegheitsstudien, og det er lagt opp til ein framdriftsplan der moglegheitsstudien blir utarbeidd i perioden august – desember. I formannskapsmøtet i juni 2020 vil rådmannen orientere om status, endeleg organisering og vidare framdrift.